

Retningslinjer

Fordeling av ungdomsmidler i Stranda kommune

1. Ungdomsrådet i Stranda kommune disponerer midlar til fordeling til ungdomsaktivitetar. Søkar skal ha hovuddelen av sitt arbeid i kommunen eller aktiviteten skal vere retta mot ungdom i kommunen.
2. **Ungdomsrådet fordeler tilskot ein gong årleg med søknadsfrist 15. mars.** Ungdomsrådet kan sjølv vurdere om heile beløpet skal delast ut etter søknad eller om delar av midlane kan fordelast etter eige initiativ.
3. Tilskotet skal gis til prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement i kommunen og skal gå til alternative ungdomsaktivitetar som ikkje elles får støtte frå det ordinære budsjettet til kommunen.
4. Ungdomsrådet er forplikta til å annonsere søknadsfristen i god tid for tildeling av midlane.
5. Administrasjonen må syte for at dei som søker midlar snarleg får tilbakemelding om behandlingsprosedyren for slike saker og når avgjersle blir teken.
6. Ungdomsrådet skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane blir brukt etter føresetnaden.

Vedtatt av ungdomsrådet 02.04.2014